

Framlegg til forskrift -

FORSKRIFT OM TILDELING AV LANGTIDSOPPHALD I SJUKEHEIM ELLER TILSVARANDE BUSTAD SÆRSKILT TILRETTELAGT FOR HEILDØGNSTENESTER M.M.

Heimel: Fastsett av (kommunenamn) kommune i kommunestyre (dato, månad, år), med heimel i lov 24. juni 2011 nr. 30 om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m. § 3-2 a andre ledd.

§ 1 Føremål

Forskrifta skal vise kva kriterie (kommunenamn) kommune legg til grunn for vedtak om tildeling av langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarende bustad særskilt tilrettelagt for heildøgntenester, og kva som skal ligge til grunn for å sette søkjar på venteliste for tildeling av slikt tilbod.

Forskrifta skal sikre medverknad og at pasient/brukar er informert om tildelingsprosessen og til åpenheit kring denne.

§ 2 Verkeområde

(Kommunenamn) kommune disponerer til ei kvar tid eit visst tal definerte langtids plassar i sjukeheim og tilsvarende bustader særskilt tilrettelagt for heildøgntenester.

Rett til langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarende bustader særskilt tilrettelagt for heildøgntenester eller rett til å stå på venteliste til eit slikt tilbod, er regulert i pasient- og brukerrettslova § 2-1 e.

§ 3 Definisjonar

- «**Sjukeheim**» er helseinstitusjon slik dette er definert i Helse- og omsorgstjenestelova § 3-2 første ledd
- Med «**langtidsopphald**» meinast opphald i sjukeheim på ubestemt tid.
- «**Tilsvarende bustad særskilt tilrettelagt for heildøgntenester**», er bustad som har knytt til seg helse- og omsorgspersonell som fast er tilgjengeleg for pasienten/brukaren heile døgnet.
- «**Venteliste**» er ei oversikt over pasientar/brukarar som etter ei helse- og omsorgsfagleg vurdering vil vere best tent med langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarende bustad særskilt tilrettelagt for heildøgntenester, og det samstundes er vurdert at vedkomande med forsvarleg hjelp kan bu heime i påvente av langtidsopphald.

§ 4 Rett til langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarende bustad særskilt tilrettelagt for heildøgntenester

- a) Pasient/brukar har rett til opphald i sjukeheim eller tilsvarende bustad særskilt tilrettelagt for heildøgntenester, dersom dette etter ei helse- og omsorgsfagleg vurdering er det einaste tilbodet som kan sikre pasienten/brukaren naudsynte og forsvarlege helse- og omsorgstenester.
- b) Dersom pasient/brukar ut frå ei helse- og omsorgsfagleg vurdering vil vere best tent med eit langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarende bustad tilrettelagt for heildøgntenester, men som med forsvarleg hjelp og tilpassing kan bu i eigen heim, får avslag på søknaden og settast

på venteliste for slikt tilbud. I ventetida skal kommunen gjere vedtak om og gje forsvarlege helse- og omsorgstenester.

Når fleire pasientar/brukarar står på venteliste samstundes, skal kommunen til ei kvar tid vurdere kven som har det største behovet for å få tildelt langtidsplass eller tilsvarande bustad særskilt tilrettelagt for heildøgntenester. Ved førespurnad har pasient/brukar rett til å få informasjon om kommunen si vurdering av kor lenge det er sannsynleg at ein må stå på venteliste før tildeling av aktuelt bu- og omsorgstilbod.

§ 5 Kriterie for tildeling av langtidsoffald i sjukeheim eller tilsvarande bustad særskilt lagt til rette for heildøgntenester

Langtidsoffald i sjukeheim eller tenester i ein tilsvarande bustad særskilt tilrettelagt for heildøgntenester, skal vurderast ut frå ei helse- og omsorgsfagleg heilskapsvurdering.

I det faglege skjønnet skal kommunen m.a vurdere hjelpebehov, meistringsnivå og tryggleik.

I vurderingane for tildeling av tenesta skal m.a. desse tilhøva leggjast vekt på:

- kva type helse- og omsorgsteneste det er behov for og kor omfattande og varig behovet vil vere
- om pasienten eller brukaren har høve eller evne til å tilkalle hjelp ved behov
- om ein med hjelpemiddel eller ulike tilretteleggingar kan gjere tilpassingar som fremjar eigenmeistring i eigen heim.
- om alternativ til langtidsoffald i sjukeheim eller tilsvarande bustad særskilt lagt til rette for heildøgntenester er prøvd ut og vurdert å ikkje vere tenleg eller forsvarleg.
- om pasienten/brukaren er samtykkekompetent og har kognitive evner som ikkje medfører alvorleg risiko for liv og helse
- kva konsekvensar eit avslag på heildøgntilbod i sjukeheim eller bustad kan gje.
- ved vurdering av hjelpebehov skal LEON-prinsippet (lavaste effektive omsorgsnivå) og omsorgstrappa aktivt verte nytta for å tilby rett omsorgsnivå.

§ 6 Sakshandsaming

Vedtak etter forskrifta her, skal handsamast etter § 2-7 i pasient og brukarrettighetslova, samt forvaltningslova sine reglar om enkeltvedtak med klagerett. Vedtak kan anten

- a) gi avslag på plass
- b) tildele plass
- c) gi avslag på plass og sette på venteliste

For vedtak etter pkt c), skal det i vedtaket gjerast klart kva tilbud pasient/brukar vil få i ventetida som vert vurdert å stette lova sine krav til forsvarlege tenester.

§ 7 Klage

Det er klagerett på vedtak etter denne forskrifta. Klageinstans er Fylkesmannen. Klage sendast til den instans som har fatta vedtaket seinast innan 4 veker etter at ein er gjort kjend med vedtaket, jmf. Pasient og brukarrettslova Kap. 7 Klage.

Dersom klaga kun gjeld den delen av vedtaket som omhandlar tildeling av bustad og ikkje tenestetilbodet i denne, er kommunen klageinstans. Klagefristen etter forvaltningslova er då 3 veker.

§ 8 Iverksetting og revidering av forskrifta

Forskrifta tek til å gjelde den 1. juli 2017.